

## KOMMISJONSVEDTAK

2012/EØS/16/26

av 6. mars 2006

## om klassifisering av visse byggjevarer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (tregolv og ytterveggplater og -kledningar av heiltre)(\*)

[meldt under nummeret K(2006) 655]

(2006/213/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember  
1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter  
om byggevarer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 20 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I direktiv 89/106/EØF er det fastsett at det for å ta omsyn til moglege skilnader i vernenivå for byggverk på nasjonalt, regionalt eller lokalt plan kan gjevast høve til å dele kvart grunnleggjande krav inn i ytingsklassar i basisdokumenta. Desse dokumenta er offentleggjorde i «kommisjonsmelding om basisdokumentene til rådsdirektiv 89/106/EØF<sup>(2)</sup>».
- 2) Med omsyn til det grunnleggjande kravet til brannsikring inneheld basisdokument nr. 2 ei rekkje innbyrdes samanhengande tiltak som til saman utgjer ein brannsikringsstrategi som kan setjast i verk på ulike måtar i medlemsstatane.
- 3) I basisdokument nr. 2 går det fram at eit av tiltaka er å avgrense brann- og røykutviklinga og brann- og røykspreinga innanfor eit visst område ved at det vert sett grenser for kor mykje byggjevarene kan medverke til at ein brann utviklar seg fullt ut.
- 4) Avgrensingsgraden kan uttrykkjast berre ved hjelp av ulike nivå for den ytinga som varer har ved brannpåverknad under sluttbruken av dei.

5) Som ei harmonisert løysing vart det vedteke eit klassifiseringssystem ved kommisjonsvedtak 2000/147/EF av 8. februar 2000 om gjennomføring av rådsdirektiv 89/106/EØF med omsyn til klassifisering av byggjevarer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad<sup>(3)</sup>.

6) Når det gjeld tregolv og ytterveggplater og -kledningar av heiltre, må den klassifiseringa som er fastsett i vedtak 2000/147/EF, nyttast.

7) Ytinga ved brannpåverknad er vorten fastlagd for mange byggjevarer og/eller byggjemateriale innanfor den klassifiseringa som er fastsett i vedtak 2000/147/EF, og er vorten gjord tilstrekkeleg kjend for brannforskriftsstyresmaktene i medlemsstatane til at ytinga ikkje treng prøvast for denne eigenskapen.

8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggjeutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Vedlegget inneheld ei oversikt over dei varene og/eller materiala som oppfyller alle krava med omsyn til eigenskapen «yting ved brannpåverknad» utan at ytterlegare prøving er naudsynt.

*Artikkel 2*

Dei særskilde klassane som skal nyttast for ulike byggjevarer og/eller byggjemateriale, og som inngår i klassifiseringa av brannpåverknad som er vedteken ved vedtak 2000/147/EF, er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 79 av 16.3.2006, s. 27, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 9/2008 av 1. februar 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 33, 12.6.2008, s. 14.

<sup>(1)</sup> TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

<sup>(2)</sup> TEF C 62 av 28.2.1994, s. 1.

<sup>(3)</sup> TEF L 50 av 23.2.2000, s. 14. Vedtaket endra ved vedtak 2003/632/EF (TEU L 220 av 3.9.2003, s. 5).

*Artikkel 3*

Der det er relevant skal varene vurderast i høve til sluttbruken.

*Artikkel 4*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 6. mars 2006.

*For Kommissjonen*  
Günter VERHEUGEN  
*Visepresident*

---

## VEDLEGG

Tabellane i dette vedlegget inneheld ei oversikt over dei byggjevarene og/eller byggjemateriala som oppfyller alle krava med omsyn til eigenskapen «yting ved brannpåverknad» utan at prøving er naudsynt.

Tabell 1

## KLASSIFISERING AV TREGOLV MED OMSYN TIL YTING VED BRANNPÅVERKNAD

| Materiale <sup>(1), (7)</sup> | Vareopplysningar <sup>(4)</sup>   | Lågaste gjennomsnittstetthet <sup>(5)</sup> (kg/m <sup>3</sup> ) | Minste samla tjukkeleik (mm)    | Vilkår for sluttbruk               | Klasse <sup>(3)</sup> for golvdekke |
|-------------------------------|---|--|---------------------------------|------------------------------------|-------------------------------------|
| Tregolv og treparkett         | Overflatehandsama golvdekke av heiltre (eik eller bøk)                        | Bøk: 680<br>Eik: 650   | 8                               | Limt til underlaget <sup>(6)</sup> | C <sub>n</sub> - s1                 |
|                               | Overflatehandsama golvdekke av heiltre (eik, bøk eller gran)                  | Bøk: 680<br>Eik: 650<br>Gran: 450                                | 20                              | Med eller utan luftspalte under    |                                     |
|                               | Overflatehandsama golvdekke av heiltre av treslag som ikkje er nemnde ovanfor | 390  | 8                               | Utan luftspalte under              | D <sub>n</sub> - s1                 |
|                               |   | 20   | Med eller utan luftspalte under |                                    |                                     |
| Treparkett                    | Overflatehandsama lamellparkett der toppsjiktet er av minst 5 mm tjukk eik    | 650 (toppsjiktet)  | 10                              | Limt til underlaget <sup>(6)</sup> | C <sub>n</sub> - s1                 |
|                               |   |  | 14 <sup>(2)</sup>               | Med eller utan luftspalte under    |                                     |
|                               | Overflatehandsama lamellparkett som ikkje er nemnd ovanfor                    | 500  | 8                               | Limt til underlaget                | D <sub>n</sub> - s1                 |
|                               |   | 10   | Utan luftspalte under           |                                    |                                     |
|                               |   |  | 14 <sup>(2)</sup>               | Med eller utan luftspalte under    |                                     |
| Golvdekke av finer            | Overflatehandsama golvdekke av finer  | 800  | 6 <sup>(2)</sup>                | Utan luftspalte under              | D <sub>n</sub> - s1                 |

<sup>(1)</sup> Montert i samsvar med EN ISO 9239-1, på eit underlag i klasse D - s2, d0 eller høgare, og med ein tetthet på minst 400 kg/m<sup>3</sup> eller med luftspalte under.

<sup>(2)</sup> Eit mellomstjikt i klasse E eller høgare, høgst 3 mm tjukt, kan takast med ved bruk utan luftspalte, når det gjeld parkettvarer som er minst 14 mm tjukke, og når det gjeld golvdekke av finer.

<sup>(3)</sup> Klasse slik det er fastsett i tabell 2 i vedlegget til kommisjonsvedtak 2000/147/EF.

<sup>(4)</sup> Type og mengd av overflatehandsaming omfattar akryl, polyuretan eller såpe, 50-100 g/m<sup>2</sup>, og olje, 20-60 g/m<sup>2</sup>.

<sup>(5)</sup> Fastsett i samsvar med EN 13238 (50 % RH 23 °C).

<sup>(6)</sup> Underlag i klasse A2 - s1, d0 eller høgare.

<sup>(7)</sup> Gjeld òg for trappetrinn.

Tabell 2

KLASSIFISERING AV YTTERVEGGPLATER OG -KLEDNINGAR AV HEILTRE MED OMSYN TIL YTING  
VED BRANNPÅVERKNAD

| Materiale <sup>(1)</sup>                      | Vareopplysningar <sup>(5)</sup>   | Lågaste gjennomsnittstettleik <sup>(6)</sup><br>(kg/m <sup>3</sup> ) | Minste samla tjukkeleik <sup>(7)</sup><br>(mm) | Vilkår for sluttbruk <sup>(4)</sup>                   | Klasse <sup>(3)</sup> |
|---|---|--|--|---|-----------------------|
| Ytterveggplater og -kledningar <sup>(1)</sup> | Trestykke med eller utan not og fjør, og med eller utan profilert overflate | 390  | 9/6  | Utan luftspalte eller med lukka luftspalte på baksida | D - s2, d2            |
|   |   |  | 12/8   |   | D - s2, d0            |
| Ytterveggplater og -kledningar <sup>(2)</sup> | Trestykke med eller utan not og fjør, og med eller utan profilert overflate | 390  | 9/6  | Med open luftspalte ≤ 20 mm på baksida                | D - s2, d0            |
|   |   |  | 18/12  | Utan luftspalte eller med open luftspalte på baksida  |                       |
| Ribbeforma treelement <sup>(8)</sup>          | Trestykke som er festa på ei støtteramme <sup>(9)</sup>                     | 390  | 18   | Opne på alle sider <sup>(10)</sup>                    | D - s2, d0            |

(1) Mekanisk festa på ei støtteramme av tre, der luftspalte er lukka eller fylt med eit underlag i klasse A2 - s1, d0 eller høgare, med ein tettleik på minst 10 kg/m<sup>3</sup>, eller fylt med eit isolerande celluloseunderlag i klasse E eller høgare, med eller utan dampsperre på baksida. Trevara skal vere utforma slik at ho kan festast utan opne skøyter.

(2) Mekanisk festa på ei underlagsramme av tre, med eller utan luftspalte på baksida. Trevara skal vere utforma slik at ho kan festast utan opne skøyter.

(3) Klassar slik det er fastsett i tabell 1 i vedlegget til kommisjonsvedtak 2000/147/EF.

(4) Ei open luftspalte kan gjere det mogleg med ventilasjon på baksida av vara, medan ei lukka luftspalte ikkje gjer dette mogleg. Underlaget bak luftspalte skal vere i klasse A2 - s1, d0 eller høgare, med ein tettleik på minst 10 kg/m<sup>3</sup>. Bak ei lukka luftspalte på høgst 20 mm med loddrette trestykke kan underlaget vere i klasse D - s2, d0 eller høgare.

(5) Omfattar alle typar skøyter, t.d. buttskøyter og skøyter med not og fjør.

(6) Fastsett i samsvar med EN 13238.

(7) Slik det er vist i figur a nedanfor. Det profilerte området av den eksponerte sida av plata må vere høgst 20 % av overflateområdet, eller 25 % dersom både den eksponerte og den ueksponerte sida av plata vert målt. For buttskøyter gjeld den største tjukkeleiken ved skøytekanten.

(8) Rektangulære trestykke, med eller utan runde hjørne, festa vassrett eller loddrett på ei støtteramme og omgjevne av luft på alle sider, i hovudsak nytta i nærleiken av andre byggjelement, både til innandørs og utandørs bruk.


(9) Det største eksponerte området (alle sidene av rektangulære trestykke og støtterammer av tre), høgst 110 % av det samla overflateområdet, sjå figur b.

(10) Andre byggjelement som er nærmare enn 100 mm frå det ribbeforma treelementet (bortsett frå støtteramma), må vere i klasse A2 - s1, d0 eller høgare, ved avstandar på 100-300 mm i klasse B - s1, d0 eller høgare, og ved avstandar på minst 300 mm i klasse D - s2, d0 eller høgare.


(11) Gjeld òg for trapper.

Figur a

## Profilar for ytterveggplater og -kledningar av heiltre



Figur b

Største eksponerte område for ribbeforma trelement  $2n(t + w) + a \leq 1,10$ 

$n$  = talet på trestykke per meter

$t$  = tjukkeleiken til kvart trestykke, i meter

$w$  = breidda til kvart trestykke, i meter

$a$  = det eksponerte området av (den eventuelle) støtteramma av tre, i  $m^2$ , per  $m^2$  ribbeforma trelement